

KOMMISJONENS GJENNOMFØRINGSFORORDNING (EU) 2021/733

2024/EØS/28/07

av 5. mai 2021

om endring av gjennomføringsforordning (EU) nr. 887/2011 og gjennomføringsforordning (EU) 2017/961 med omsyn til namnet på innehavaren av godkjenninga av *Enterococcus faecium* CECT 4515 som førtilsetjingsstoff, og om endring av gjennomføringsforordning (EU) 2020/1395 med omsyn til namnet på innehavaren av godkjenninga av *Bacillus amyloliquefaciens* CECT 5940 som førtilsetjingsstoff(*)

EUROPAKOMMISJONEN HAR

med tilvising til traktaten om verkemåten til Den europeiske unionen,

med tilvising til europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 1831/2003 av 22. september 2003 om tilsetningsstoffer i fôrvarer⁽¹⁾, særleg artikkel 13 nr. 3, og

ut frå desse synsmåttane:

- 1) Forordning (EF) nr. 1831/2003 inneheld føresegner om godkjenning av tilsetjingsstoff for bruk i fôr og om vilkår og framgangsmåtar for å gje slik godkjenning.
- 2) Evonik Nutrition & Care GmbH har sendt inn ein søknad i samsvar med artikkel 13 nr. 3 i forordning (EF) nr. 1831/2003 med framlegg om endring av namnet på innehavaren av godkjenninga i Kommisjonenens gjennomføringsforordning (EU) nr. 887/2011⁽²⁾, Kommisjonenens gjennomføringsforordning (EU) 2017/961⁽³⁾ og Kommisjonenens gjennomføringsforordning (EU) 2020/1395⁽⁴⁾.
- 3) Søkjaren oppgjev at Evonik Nutrition & Care GmbH har endra namn til Evonik Operations GmbH. Relevante data til støtte for framlegget var lagde ved søknaden.
- 4) Den framlagde endringa av godkjenningvilkåra er av rein administrativ art og krev inga ny vurdering av det aktuelle tilsetjingsstoffet. Den europeiske styresmakta for næringsmiddeltryggleik har fått melding om søknaden.
- 5) For at søkjaren skal kunne utnytte retten til marknadsføring under namnet Evonik Operations GmbH, er det naudsynt å endre vilkåra for godkjenninga.
- 6) Gjennomføringsforordning (EU) nr. 887/2011, gjennomføringsforordning (EU) 2017/961 og gjennomføringsforordning (EU) 2020/1395 bør difor endrast.
- 7) Etersom ingen tryggleiksgrunnar tilseier at endringa av gjennomføringsforordning (EU) nr. 887/2011, gjennomføringsforordning (EU) 2017/961 og gjennomføringsforordning (EU) 2020/1395, fastsett ved denne forordninga, må nyttast straks, bør det fastsetjast ein overgangsperiode, slik at eksisterande lager kan brukast opp.
- 8) Dei tiltaka som er fastsette i denne forordninga, er i samsvar med fråsegna frå Det faste utvalet for planter, dyr, næringsmiddel og fôr.

(*) Denne unionsrettsakten, kunngjort i EUT L 158 av 6.5.2021, s. 11, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 322/2021 av 10. desember 2021 om endring av EØS-avtalens vedlegg I (Veterinære og plantesanitere forhold), ennå ikke kunngjort.

(1) TEU L 268 av 18.10.2003, s. 29.

(2) Kommisjonenens gjennomføringsforordning (EU) nr. 887/2011 av 5. september 2011 om godkjenning av et preparat av *Enterococcus faecium* CECT 4515 som tilsetningsstoff i fôrvarer for oppfôringskyllinger (innehaver av godkjenningen: Norel SA) (TEU L 229 av 6.9.2011, s. 7).

(3) Kommisjonenens gjennomføringsforordning (EU) 2017/961 av 7. juni 2017 om godkjenning av et preparat av *Enterococcus faecium* CECT 4515 som tilsetningsstoff i fôrvarer for avvente smågriser og en ny bruk i drikkevann til avvente smågriser og oppfôringskyllinger, og om endring av forordning (EF) nr. 2036/2005 og (EU) nr. 887/2011 (innehaver av godkjenningen: Evonik Nutrition & Care GmbH) (TEU L 145 av 8.6.2017, s. 7).

(4) Kommisjonenens gjennomføringsforordning (EU) 2020/1395 av 5. oktober 2020 om fornya godkjenning av *Bacillus amyloliquefaciens* CECT 5940 som tilsetjingsstoff i fôr til slaktekyllingar, om godkjenning av tilsetjingsstoffet til livkyllingar og om oppheving av forordning (EF) nr. 1292/2008 (innehavar av godkjenninga: Evonik Nutrition & Care GmbH) (TEU L 324 av 6.10.2020, s. 3).

VEDTEKE DENNE FORORDNINGA:

Artikkel 1

Endringar av gjennomføringsforordning (EU) nr. 887/2011

I gjennomføringsforordning (EU) nr. 887/2011 vert det gjort følgjande endringar:

- 1) I tittelen vert «innehaver av godkjenningen: Evonik Nutrition & Care GmbH» endra til «innehaver av godkjenningen: Evonik Operations GmbH».
- 2) I den andre kolonnen i vedlegget, «Navn på innehaver av godkjenningen», vert «Evonik Nutrition & Care GmbH» endra til «Evonik Operations GmbH».

Artikkel 2

Endringar av gjennomføringsforordning (EU) 2017/961

I gjennomføringsforordning (EU) 2017/961 vert det gjort følgjande endringar:

- 1) I tittelen vert «innehaver av godkjenningen: Evonik Nutrition & Care GmbH» endra til «innehaver av godkjenningen: Evonik Operations GmbH».
- 2) I den andre kolonnen i vedlegget, «Navn på innehaver av godkjenningen», vert «Evonik Nutrition & Care GmbH» endra til «Evonik Operations GmbH».

Artikkel 3

Endringar av gjennomføringsforordning (EU) 2020/1395

I gjennomføringsforordning (EU) 2020/1395 vert det gjort følgjande endringar:

- 1) I tittelen vert «innehavar av godkjenninga: Evonik Nutrition & Care GmbH» endra til «innehavar av godkjenninga: Evonik Operations GmbH».
- 2) I den andre kolonnen i vedlegget, «Namnet til innehavaren av godkjenninga», vert «Evonik Nutrition & Care GmbH» endra til «Evonik Operations GmbH».

Artikkel 4

Overgangstiltak

Eksisterande lager av tilsetjingsstoffa som er i samsvar med dei føresegnene som gjaldt før ikraftsetjingsdatoen for denne forordninga, kan framleis bringast i omsetning og nyttast til dei er tømde.

Artikkel 5

Ikraftsetjing

Denne forordninga tek til å gjelde 20. dagen etter at ho er kunngjord i *Tidend for Den europeiske unionen*.

Denne forordninga er bindande i alle delar og gjeld direkte i alle medlemsstatane.

Utferda i Brussel 5. mai 2021.

For Kommisjonen
Ursula VON DER LEYEN
President